

Flåtten trugar sauhealdet på Haugland

16.04.2009



Familien Haugland gjer ein effektiv innsats for å samla sauene til kvelds. Flokken har auka frå 20 til 52 individ denne våren. Fire av søyene har fått tre lam kvar medan to har fått eitt lam og dei andre to kvar. Eit godt og gunstig resultat, seier Lars. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore ei svært vellukka lamming hjå Svanhill og Lars Haugland på Haugland denne våren. 15 av dei 20 søyene har til no fått 32 lam og brukarane er godt fornøgde.

Men likevel ser dei ikkje berre med optimisme mot beitesesongen, for på Hauglandsfjellet trugar flåtten.



Ingebjørg har fått tak i det siste og viltraste lammet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Problemet gjeld mest Svanhill og Lars og Arne Johannes Haugland ettersom dei slepp sauene i eit område der vegetasjonen er tett og full av flått. Det forsterkar problemet at hjortebestanden i området er stor og aukande, for hjorten spelar rolla som vert for flåtten.

- På grunn av det vesle, men farlege innsektet har Lars dei siste åra hatt eitt tap på 20 prosent. Det er sjølv sagt altfor mykje, seier Lars etter at han saman med borna Ingebjørg (14), Øystein (12) og Johannes (10) har gjort ein effektiv innsats for å få sauene inn til kvelds frå dei allereie svært grøne jordene.

Då Lars overtok garden i 1995 mista han ikke ein einaste sau på grunn av flåtten, problemet har sidan i aukende grad vore knytt til den nye vegetasjonen. Dei som slepp sauene sine i høgfjellet, til dømes i Blådalen eller på Hardangervidda, er ikkje plaga av flått.

- Men å kjøre sauene høgre til fjells er ikkje aktuelt for oss som har så få dyr. Då går vinninga gjerne opp i spinninga, seier Lars. Arne Johannes har redusert saueflokkene mykje på grunn av den nye plageånden og Lars er temmeleg rådlaus når Uskedalen.no spør kva han kjem til å gjera.

Men finst det så ikke rådgjerder mot flåtten? Det er eit middel som ein kan stryka på ryggen til sauene, men det verkar ikke lenger enn frå seks til åtte veker og det er som regel håplaust å få tak i dyra for å gje dei ei ny

behandling. Og når sauene først er ramma av flåttbitt er dei gjerne så svekka av leddbetennelse at det ikkje nytter å redda dei med ei sprøyte.

- Forståeleg nok går det sakte med sikkert attende med saueholdet her i dalen. Med unnatak av Olav Bringedal som no har 120 sauar er det ingen nye som satsar, seier Lars Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Og slik ser han ut....